



Styret i Helse Vest v/Styreleiar

Om dagkirurgi ved Nordfjord sjukehus (styresak 16/14)

Nordfjorrådet (kommunane i Nordfjord) syner til vårt brev til styret i Helse Førde av 21/1-14 om dagkirurgi ved Nordfjord Sjukehus (Vedlegg 1 til Helse Vest-styresak 16/14). Dette innspelet er høgst relevant også i samband med Helse Vest si handsaming av saka. Vi vil i tillegg knyte følgande kommentarar til innstillinga til vedtak i styresak 16/14:

1. Prinsipielle avklaringar

Nordfjorrådet er glade for at det i innstillinga til vedtak klart er slått fast at det skal vere eit dagkirurgisk tilbod ved Nordfjord sjukehus, og at alle fagområde i prinsippet må kunne inngå i eit slikt tilbod. Dette meiner vi er prinsipielt rett konklusjon sett opp mot sluttrapporten for "Utviklingsprosjekt Framtidas Lokalsjukehus".

Vi er vidare glade for at saksframstillinga til Helse Vest - i motsetnad til Helse Førde si styresak - gir eit breitt og balansert bilete av konklusjonane og resonnementa i Utviklingsprosjektet om kvifor dagkirurgi ved lokalsjukehus ut frå overordna perspektiv er fornuftig og heng saman med øvrig aktivitet ved sjukehuset (effektiv ressursutnytting, kompetansebygging, rekruttering etc).

2. Dagkirurgi må vere meir enn katarakt

Vi merkar oss at det både i Helse Førde sitt vedtak og Helse Vest si innstilling til vedtak er lagt stor vekt på katarakt-operasjonar (grå stær). Vi stiller oss undrande til at det er lagt så stor vekt på dette, sett opp mot dei prinsipielle argumenta for dagkirurgisk aktivitet ved eit lokalsjukehus.

Katarakt-operasjonar skil seg frå andre former for dagkirurgi ved at dei blir utført med lokalanestesi (augedråpar). Augelegen opererer og organiserer sjølv utan at anestesilege, anesthesi- eller operasjonssjukepleiarar treng vere involvert. Katarakt-operasjonar er dermed "frikobla" frå den øvrige aktiviteten ved eit lokalsjukehus og kan i prinsippet utførast på eit vanleg legekantor.

Den sterke framhevinga av katarakt framstår difor som merkeleg når ein i den generelle grunngevinga for dagkirurgi ved lokalsjukehus vektlegg utnytting av anestesilege/ anestesikapasitet på sjukehuset, utnytting av operasjonstover/øvrige ressursar på sjukehuset, oppgåver som bidreg til vedlikehald av spesialkompetanse for sjukepleiarane ved lokalsjukehuset, breiddekompetanse og rekruttering. Det er også vanskeleg å sjå korleis det å byrje med katarakt-operasjonar skal kunne krevje investeringar på 8 millionar kroner.

Vi vil difor sterkt oppmode styret i Helse Vest til å presisere at eit reelt dagkirurgisk tilbod ved Nordfjord Sjukehus i tråd med konklusjonane i "Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus - Framtidas Lokalsjukehus" må vere meir enn kataraktoperasjonar. Det må også vere dagkirurgisk aktivitet som m a utnyttar anestesikapasiteten ved Nordfjord Sjukehus.

3. Manglar i poliklinikk-tilbodet

Vi har merka oss med undring at det ikkje er etablert poliklinikk på Nordfjord Sjukehus i ortopedi (og kirurgi elles) som føreset i utviklingsprosjektet. Poliklinikk i ortopedi/kirurgi meiner vi må på plass utan vidare opphald som ein del av det samla polikliniske tilbodet. Vi ber styret i Helse Vest sørge for at det skjer. Vi vil også peike på samordningsmoglegheitene mellom poliklinikk, skadepoliklinikk og dagkirurgi.

4. Talgrunnlaget/pasientgrunnlaget

Vi stiller oss undrande til det store "spriket" mellom Utviklingsprosjektet sine berekningar av pasientgrunnlaget og Helse Førde sine berekningar. Vi reagerer mellom anna på påstandane om at andelen av pasientar som blir behandla utanfor Helse Førde/Volda er "forsvinnande liten".

Dette samsvarar ikkje med dei tilbakemeldingane vi får frå primærlegane i Nordfjord. Vi vil oppmode Helse Vest til å gjennomføre egne undersøkingar om talgrunnlaget, slik at vi kan få klarlagt dei reelle pasientstraumane det er snakk om - gjerne i samarbeid med fagmiljøet i Utviklingsprosjektet. Vi meiner også det må vere eit klart mål å auke den samla dagkirurgiske aktiviteten i helseforetaket - og å ta i bruk kapasitet ved lokalsjukehusa for å klare dette.

Vi vil vidare påpeike at vi meiner det er feil å fjerne heile Bremanger frå talgrunnlaget. Deler av Bremanger soknar naturleg til Nordfjord sjukehus dersom det blir lagt til rette for det frå helseforetaket si side, heilt uavhengig av opninga av Bremanger-sambandet del 2 (som tvert imot forkortar vegen frå Ytre Bremanger også til Nordfjord sjukehus).

5. Økonomiske sider ved dagkirurgi

Når det gjeld dei økonomiske sidene ved saka ser vi det ikkje rett å gå nærare inn i ein diskusjon mellom Helse Førde og Helse Vest om dette, ut over at vi frå utsida ser det som merkeleg at ekstrakostnadene til investering og drift skal vere så høge som Helse Førde skisserer.

Operasjonsstovene ved Nordfjord sjukehus står urørte og klare til bruk, og alt tilgjengeleg støttepersonell finst allereie ved sjukehuset (anestesilege, røynde operasjons- og anestesisjukepleiarar etc). Vi går ut frå at det her blir henta inn samanliknbare tal frå andre helseregionar som har fått til slike tilbod på ein kostnadseffektiv måte, t d Helse Nord.

Vi vil også påpeike at dersom det syner seg at Helse Førde med midlar frå Utviklingsprosjektet har gjort investeringar ved sjukehuset som *vanskeleggjer/fordyrar* etableringa av dagkirurgi - som gjennom heile utviklingsprosjektet var eit høgst aktuelt tema som del av framtidens lokalsjukehus - så er det sterkt kritikkverdige. Nordfjodrådet kan ikkje akseptere at det blir brukt av Helse Førde som argument for ikkje å etablere dagkirurgi!

Nordfjodrådet vil også gjere Helse Vest merksam på at Helse Førde for tida planlegg å bygge om deler av det operative arealet inne på Nordfjord sjukehus til leilegheit i samband med bygging av ny ambulansestasjon. Vi ser med stor undring på ei slik prioritering av arealbruk. Vi vil be Helse Vest medvirke til ei avklaring av den samla arealbruken ved sjukehuset inkludert framtidig dagkirurgisk aktivitet før ei slik «nedbygging» av operativt areal ved sjukehuset vert sett i gang.

6. Sluttkommentar

Nordfjodrådet er nøgd med Helse Vest si leiing av "Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus", jmf vår uttale til sluttrapporten. Nordfjord-kommunene har investert mykje tid og ressursar i å bruke utviklingsprosjektet til å skape ein felles plattform for eit nyskapande lokalsjukehus både kommuner og helseforetak kan vere stolte av. Vi har mellom anna truleg gått lenger enn nokon annan region i landet i å samordne kommunale helsetenester med spesialisthelsetenesta, for å gi eit heilskapleg helsetenestetilbod i samhandlingsreforma si ånd.

Vi er difor på generelt grunnlag svært skuffa over den negative grunnhaldninga Helse Førde ser ut til å syne til å ta konklusjonane i utviklingsprosjektet inn over seg, og bidra konstruktivt og "mulighetsorientert" til å få på plass eit godt dagkirurgisk tilbod ved Nordfjord sjukehus. Vi merkar oss at andre helseforetak ser ut til å klare dette utan større problem på alle andre norske lokalsjukehus, jmf innkomne høyringsuttaler.

Å lukkast med noko krev ikkje berre pengar og vedtak. Det krev også vilje. Denne viljen må vi diverre konstatere ser ut til sitje langt inne hos dagens styre og leing i Helse Førde.

Vi vonar dei prinsipielle vedtaka som no kjem på plass om at det SKAL vere eit dagkirurgisk tilbod ved Nordfjord sjukehus - vonaleg med dei presiseringane vi speler inn i dette skrivet - blir følgd opp på ein løysingsorientert og konstruktiv måte av alle partar.

Vi er frå Nordfjordrådet si side innstilt på å gjere vårt for å få dette til, og syne at Nordfjord kan vere ein foregangsregion som Helse Vest kan vere stolte av innanfor "Framtidas lokalsjukehus", rus/psykiatri og samhandling mellom primærhelseteneste og sekundærhelseteneste.

Vi imøteser snarleg møte med Helse Vest for å utdjupe våre synspunkt ytterlegare, og vil også nytte høvet til å ønske det nye styret i Helse Vest velkomne til Nordfjord for å sjå den nasjonale piloten for "Framtidas Lokalsjukehus" med egne auge, herunder den interkommunale delen av tilbodet.

Nordfjord; 3/2-14

Sven Flo
Ordførar Stryn/
leiar Nordfjordrådet

Alfred Bjørlo
Ordførar Eid

Ottar Nygård
Ordførar Selje

Morten A. Hagen
Ordførar Vågsøy

Anne Britt Nygård
Ordførar Hornindal

Anders Ryssdal
Ordførar Gloppen

Kopi:
Helse Førde
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Helse- og omsorgsminister Bent Høie
Storingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane